



Nordhordland – saman om velferdsteknolog

19.09.2017.

INFORMASJON TIL REGIONRÅDET:

10 kommunar i Nordhordland er med i det Nasjonale velferdsteknologiprogrammet saman med ca 200 kommunar i landet. Kriteriet for bli med i programmet var bl.a at fleire kommunar gjekk saman om felles søknad. « Nordhordlandsprosjektet» fekk 1,8 mill.

Status i «Nordhordlandsprosjektet»:

- Har gjennomført ulike informasjonsmøter og samlingar med kommunane frå april til august 2017. Dette har vore ein prosess for å få alle kommunane involverte, og med i diskusjon om organisering, utlysing av stillingar og tilsettingar.
- Tilskot til prosjektet er til finansiering av prosjektleiar i 100% stilling, og 2 prosjektmedarbeidarar i 50% stilling.
- I tillegg har 9 kommunar i Nordhordland fått skjønsmidler frå fylkesmannen, som ein vil dra inn i fellesprosjektet – fordi fylkesmannen er klar på at dei ser desse prosjekta i regionen, som eit stort felles prosjekt. Fylkesmannen har også tildelt midlane frå helsedirektoratet.
- Kari Eidnes Bjørkheim er tilsett som prosjektleiar.
- Anita Sævil (Vaksdal) og Gro Løvik (Lindås) er tilsett i 2 x 50% stilling som prosjektmedarbeidarar.
- Elin Eikemo (Masfjorden) tilsett i 50 % stilling prosjektmedarbeidar (skjønsmidler)
- Xxxx (Lindås) tilsett i 50 % stilling som prsjektmedarbeidar (skjønsmidler)

Organisasjonsstruktur på Nordhordlandsprosjektet:

Eigar; Regionrådet

Vertskommune; Masfjorden

Styringsgruppe; Rådmannsutvalet

Ressursgruppe; sett saman av personar frå alle kommunane, geografisk spreing. Namn på deltakar er ikkje på plass heilt enno.

Prosjektgruppe; prosjektleiar, prosjektmedarbeidarar, Utviklingssenteret for sykehjem og hjemmetenester (samarbeidspart i prosjektet), HTV fagforbundet /sjukepleiarforbundet, IKT NH; leiar for helse og omsorg i Masfjorden.



Nordhordland – saman om velferdsteknolog

Referansegruppe;

Arbeidsgrupper; ressurspersonar frå alle 10 kommunane

Prosjektet er stort, og omfattar mange delar noko som gjer at det vil bli oppretta Ad- hock grupper undervegs.

Alle kommunane er i gang med å kartlegge status i pleie og omsorg på alt frå tenester til kompetanse, for å avklare behov. Dette er del av kommunane si 0- punkt liste. Gjennom prosjektet skal alle kommunane arbeide med gevinstrealisering .

Me jobbar og med utvikling av felles visjon, strategi og mål for kommunane i prosjektet. Her er det ynskjeleg med innspel frå regionrådet/rådmannsutvalet.

Status for dei 10 kommunane som er med i prosjektet er at dei har svært ulik ståstad. Lindås kommune har vore med i velferdsteknologiprogrammet i førre periode, og har nett gjennomført innovativ anskaffing på digitale teknologiske velferdsløysingar i sine tenester. Meland og Radøy skal og inn på same avtale som Lindås kommune har. Dei andre kommunane i regionen har ikkje gjennomført behovsvurdering eller kome i gang med anskaffing.

Program framover:

3. oktober – workshop for leiingar i helse og omsorg og HTV. Dagen blir gjennomført av PA-consulting (får dette som oppfølging gjennom det nasjonale programmet)

7. november – konferanse på Nordhordland folkehøgskule. Dette er for administrasjon, politikarar, ulike råd og utval i kommunane som eldreråd, levekår m.m.

Tilsette i alle kommunane startar opp med grunnleggande opplæring i Velferdsteknologiens ABC. Dette vert organisert av kommunane/prosjektet ilag er det Utviklingssenteret.

1. pulje blir frå november 2017 – til mars 2018.

2. pulje blir frå mars 2018 – sept 2018.

Etter dette vurderer me om ein skal starte opp med pulje 3 og 4.

Det er og planlagt opplæring/informasjon til tilsette i kommunane og informasjon om prosjektet i dei ulike kommunestyra. Dette arbeidet startar i haust.